

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 29

Fylke: N. Trøndelag

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Leksvik

Emne: Julenisse

Bygdelag: Leksvik sokn

Oppskr. av: Johan Moan

Gard: Moan

(adresse): Leksvik

G.nr. 8 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

Delvis av eiga røynsle

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Delvis etter foreldre mine som er i 75-80-årsalderen

SVAR

1. Skikken med julenisse som deler ut julegaver er faktisk ikkje ein mansalder gamal. Kanskje kjem ein det nærast når ein seier mellom ein halv og ein heil mannsalder.

Men skikken med julegeit og nyårsbukk er gamal. Julegeita skulle ut i jula, og nyårsbukken i nyårshelga. Dei laga seg da gjerne ansatte, med geita eller bukkehorn og geit- eller bukkeskjegg. Og så fór dei ute kring husa åt andre og mekra eller gav frå seg same løte som bukkane i brønstida.

Meininga med å gå julegeit eller nyårsbukk var stort sett å ha litt moro - eller også å skrama tingar som var ute og rak om kveldane heim.

No er faktisk denne skikken utdødd. Og det ser ut som skikken med julenisse kom med same skikken med julegeit og nyårsbukk gjekk.

2. Julenissen har som regel med seg nokke smatteri han gjev bort. Og så

2

får han gjerne mat der han fer. Dette er must for å sjå kor hjelpelause han er når han skal eta med maske på.

3. Kvinnsomhelst, men helst unge folk.

4. Alltid kvitt skjegg, men allest ikkje så nøye med kvå slags klar han har.

5. No til dags blir iallefall maskene kjøpt.

6. Ikkje aktuelt.

7. Veit ikkje at det vart gjort.

8. Ja. Dei gamle rissene her vart kalla for småkallan, og det var vanleg trū at dei buddde inni berga. Småkallan var liie for i tida. For lenge sidan fekk folka oppi marka bygda ein prest til å hogga kross i berg i Topptjønnefjellet for å skrema dei bort frå ferdavegen deira. For min hogg vikk denne krossen, for han ville ikkje ha nokon kross i berg midt i eit = marka.

- 11 -

6111